

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av regionale utviklingsmidlar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønskjer at hovuddelen i punkt 5 i rapporten frå Deloitte skal inn i innstillinga som nytt på 5, og at frist for å lage handlingsplan vert endra til 1.10.16.

Forslag til innstilling med desse endringane vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Regionale utviklingsmidlar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at enkeltvedtak om fordeling av tilskot blir fatta i samsvar med gjeldande delegasjonar, og at eventuell vidaredelegering av vedtaksmynde blir formalisert.
2. Sikre at distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar blir nytta i samsvar med forskrift og retningsliner frå KMD, under dette at midlane ikkje blir nytta til drift av næringsverksemd eller organisasjonar.
3. Sikre at tilgjengeleg informasjon om tilskotsordningane inneheld informasjon om tildelingskriterium, saksgang og saksbehandling, samt at det blir gjennomført systematiske evalueringar av informasjonsformidling og kunngjering for å sikre at informasjonen når heile målgruppa.
4. Sikre at det blir etablert tydelege tildelingskriterium for alle etablerte tilskotsordningar.
5. Vurderer å tydeleggjere og formalisere sakshandsamingsrutinane ytterlegare, samt etablere kontrollmekanismer i sakshandsaminga for å sikre at krav i regelverk og interne rutinar blir etterlevd i praksis.
6. Sikre at all kommunikasjon med søkjarar, som har betydning for saka, blir arkivert i samsvar med forskrift om offentleg arkiv § 3-18 første ledd, og fvl. § 11d.
7. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.